



Johannes Tyssebotn
Vestre Kleppsvegen 122
5283 FOTLANDSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3361 - 17/33000

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2017

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 221/1 Eikefet

Tiltak: Driftsbygning for husdyr
Byggjestad: Gbnr: 221/1
Tiltakshavar: Johannes Tyssebotn

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til oppføring av driftsbygning . Vi beklagar sein tilbakemelding på søknaden. Vi har fått stadfesta frå Landbruksavdelinga at tiltaket er i samsvar med arealføremålet jord- og skogbruk i reguleringsplanen Eikefet - Urdal. Del av gnr. 221 og 220 (2006).

Skredfare

På kommuneplankartet er det vist område med skråkravur som markerer *faresone skred*. Avgrensinga av desse sonene er veldig grov og unøyaktig fordi dei er henta inn frå store oversiktskart. Dei skal brukast som eit varsko om at her kan det vera skredfare, og det må gjerast ei fagleg vurdering før bygging kan tillatast. Kommunen gjer ikkje slike vurderingar. Du må innhenta geologisk kompetanse og leggja fram ein uttale om eventuell skredfare og nødvendig sikring.

Planføresegnene til kommuneplan 2011 – 2023

7.3 Faresone skred markerer område som kan vera utsett for snøskred, steinsprang eller jordskred. Ved utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak etter pbl §§ 20-1 bokstav a, b, d, g, j, k, l og m samt 20-2 bokstav b og c, skal det gjerast ei vurdering av risiko for ras. Vurderinga skal omfatta både potensielt utløysingsområde og utlaupsområde og om naudsynt skal det nyttast geologisk kompetanse. Dersom det vert avdekkja risiko, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a.


Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt innan 01.02.2018.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Johannes Tyssebotn

Vestre
Kleppsvegen 122

5283

FOTLANDSVÅG